



Medlemer i FAU

Referat frå møte i FAU v/Luster ungdomsskule 29.2.16

Desse møtte:	Marita Joranger, 9b Vibeke Ødegård, 10b Turid Øiene, 8a Hilde Boksasp Lerum, 8b Tone Kristin Thomassen, 9a Tanja Fiskaa Haugen, 10a
Meldt fråfall:	

6/16 Godkjenning av referat frå førre møte

Referatet vart godkjent.

07/16 Høyring: Høyringsutkast til kommunalt skysreglement for grunnskulane i Luster

Endring i skysreglement ser ikkje ut til å ha stor betydning for elvar på ungdomsskulen. FAU har kun mottatt 2 stk tilbakemelding, som meldte at det var greit.

Skulen har motteke innspel frå elevar om at buss har henta seint og har kjørt fort. Skulen har også opplevd, spesielt ifm tunnel stenging, at elevar gjentatte gonger kjem for seint til skulen. Det virkar som scanning av busskort tar tid, som kan være medvirkande årsak til at det blir knapp tid på enkelte ruter.

Skulen oppmoda foreldre om å melde frå til skulen om skuleskyss, ros og ris, slik at dette kan formidlas vidare. Det blir møte på onsdag 2. mars med Nettbuss, fylkeskommunen, oppvekst og tre rektorar. Elevar som er på aktivitetar etter skulen har ikkje rett på å få dekt turen heim. FAU vil vidare sende eit info skriv vedrørende dekking av skuleskyss til foreldra.

<input type="checkbox"/>
<input type="checkbox"/>
<input type="checkbox"/>

08/16 Rådmannen si innstilling til evt. samanslåing av Gaupne skule og Luster Ungdomsskule

FAU går for ei tilrådning på alternativ B, at saka vert utsett.

FAU meiner at saka tidlegast bør bli tatt opp til ny vurdering om 4 -5 år, for å sikre at ungdomskulesatsning er gjennomført og at ein får god tid til å kartleggje

ressursbehovet i forhold til elevar med flykningestatus.

FAU ser at samarbeidet mellom Gaupne Skule og LUS allereie er i positiv utvikling, der rektorane har starta eit samarbeid for å utnytte lærarressursar betre seg imellom. Dette er gledeleg og FAU vil utfordre rektorar og tilsette til å utnytte god fagkompetanse på begge skulane gjennom vidare samarbeid. Ved å stimulere til auka samarbeid vil eventuelle fordeler gradvis komme tydeleg fram og ei integrering vil blir lettare ved eit seinare høve.

9/16-2016 Ymse

Kroppsøving, organisering og inndeling i grupper er meldt inn som sak til neste møte.

Endring Datoer. Oppdater tabell viser fordeling av foreldrevakter.

Oversikt elevkvelder med fordeling av foreldre vakter

Dato	Anvarlig klasse	8A	8B	9A	9B	10A	10B
25.sep	10 kl			x		x	x
27.nov	9 kl	x	x				x
21. des	10 kl					3x	3x
29.jan	8 kl	*			*	*	
26.feb	8 kl		x	x			x
1.april	9 kl	x			x	x	
29.apr	8 kl		x	x	x		

Vibeke Ødegård
Leiar FAU